



Utsleppsløyve etter forureiningslova til Statens vegvesen Region vest for tunnel ved Joberget i Granvin på Rv 13

Fylkesmannen gir Statens vegvesen Region vest utsleppsløyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 10. september 2013 og opplysningar som er kome fram under handsaminga av søknaden.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må bedrifta på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til bedrifta. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Verksemdsdata

Verksemd	Statens vegvesen region Vest
Gateadresse	Askedalen 4
Postadresse	6863 Leikanger
Kommune og fylke	Granvin i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	974744414 eigd av 971032081
Gards- og bruksnummer	-
NACE-kode og bransje	84.130 Offentleg administrasjon tilknytt næringsverksemd og arbeidsmarknad

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2014.210.T	1234.0011.01	3

Løyve gitt: 24.04.2014	Endringsnummer:	Sist endra:
Hallvard Hageberg e.f. senioringeniør		Ingrid Torsnes senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift

¹ Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeidet til Klima- og forureiningsdirektoratet med løyve og kontroll etter forureiningslova

1. Produksjonsramme

Løyvet gjeld utslepp av tunnelvatn i anleggs- og driftsfasen, og støy frå anleggsdrifta.

Løyvet for anleggsdrifta er mellombels og gjeld fram til anleggsperioden er over.

Løyvet for utslepp av avløpsvatn frå vask av tunnelar i driftsfasen gjeld frå opning av veganlegg og inntil vidare.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å overhalde grenseverdier

Verksemda skal overhalde grenseverdier. Variasjonar i utsleppa skal ikkje avvike så mykje frå det som følgjer av normal drift at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.2 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i punkt 3.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å sei for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5-7².

2.4 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom unormale driftstilhøve eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, og om nødvendig, redusere eller innstille drift.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan føre til forureining. Verksemda skal varsle akutt forureining i samsvar med punkt 8.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å ha ein internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

² Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar

Verksemda pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar i anleggs- og driftsfase

Utsleppsavgrensingane i tabell 1 gjeld for mellombels utslepp av reinsa vatn frå driving av tunnel og permanent utslepp frå tunnelvasking.

Tabell 1:

Utsleppskomponent	Konsentrasjonsgrense	Resipient
Olje	20 mg/l	2 utsleppspunkt i Granvinsvatnet på minst 5 meters djup
Suspendert stoff (SS)	200 mg/l	

Vatn frå tunneldriving skal gå via sedimentasjonsbasseng, slam- og oljeutskiljar før utslepp til Granvinsvatnet. Om nødvendig må det koplust på ei filtreringsløysing for å overhalde grensa for suspendert stoff og olje. Reinseanlegget skal dimensjonerast etter berekna maksimale vassmengder. Opphaldstida på avløpsvatnet skal vere minimum to timar.

Lokalisering av utsleppspunkta skal gjerast etter ei fagleg vurdering. Utsleppspunkta skal plasserast så langt frå elveutløp, at det ikkje fører til negativ påverknad for oppgang av anadrom fisk. Utsleppspunktet i nordlege del av Granvinsvatnet skal heller ikkje kome i konflikt med våtmarksfuglane i Granvinsdeltaet. Utsleppspunkta skal vere på minst 5 meters djup. Legging av avløpsleidning og lokalisering av utsleppspunkt skal om nødvendig avklarast med grunneigarar, kommunen og andre aktuelle partar og faginstansar.

Det må førast jamleg kontroll med nivå i sandfangskummar/sedimentasjonsbasseng, olje- og slamutskiljarar. Kummar må tømmast og reingjerast ved behov. Olje frå oljeutskiljaren skal leverast til godkjent mottak.

Granvinsvatnet har ein pH i overkant av 6 og har eit vassvolum som vil gje ein rask fortynning av det basiske tunneldrivevatnet. Vi har difor ikkje sett krav til pH i utsleppsløyyet. Dersom det viser seg at det oppstår høge konsentrasjonar av ammoniakk, så vil vi vurdere om utsleppet skal pH-justerast.

Tiltak for å ivareta krava skal innarbeidast i internkontrollsystemet.

3.2 Sprengstein

Det går ikkje fram av søknaden om det er overskot av sprengsteinmassar. På generelt grunnlag vil vi påpeike at steinen frå tunneldrivinga skal disponerast på ein slik måte at det ikkje fører til utvasking/avrenning direkte til vassdrag. Eventuelle resipientar skal skjermast mot forureinande avrenning. Det skal om nødvendig etablerast grøfter eller andre tiltak for avskjering av sigevatn.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Avløpsvatn som inneheld olje eller betongrestar frå verkstader og vaskeplassar skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseining for å halde utsleppsgrensene fastsett i punkt. 3.1.

Eventuelt vaskevatn frå betongbilar skal reinsast/sedimenterast før utslepp. Det er ikkje tillate med utslepp av betongvaskevatn i ferskvassresipient.

3.4 Overvatn

Verksemda skal handtere avrenning av overvatn frå veg slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

3.5 Sanitæravløpsvatn

Verksemda skal handtere sanitæravløpsvatnet i samsvar med krav fastsett av Granvin herad.

3.6 Mudring

Verksemda må søkje om løyve frå forureiningsstyresmakta dersom mudring er nødvendig.

4. Grunnforureining

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemnande skadar eller ulemper for miljøet. Verksemda pliktar heile tida å ha oversikt over mogleg forureina grunn som finst på anleggsområdet. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyresmakta varslast om dette.

5. Testing og substitusjon av kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar som til dømes vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

Kjemikaliar som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal vere testa for kor lett dei lét seg bryte ned, toksisitet og kor lett dei vert akkumulerte i naturen. Berre laboratorium som er godkjende i samsvar med Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert i henhold til NS-EN/IEC 17025:1999, kan gjere testane.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikaliar. Ein skal heile tida vurdere faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikaliane som vert nytta, og om det finst alternativ. Både skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre

alternativt, pliktar verksemda å nytte desse så langt ein kan utan urimeleg kostnad eller ulempe.³

6. Støy og støv

6.1 Grenseverdier

Basis støygrense i T-1442/2012 er utgangspunkt, sjå tabell 2. Desse gjeld for anleggsdrift i mindre enn 6 veker. Ved lengre driftstid blir grenseverdiane skjerpa for dag og kveld, sjå tabell 3.

Utandørs støy frå anleggsverksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som fritt feltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse basis støygrensene:

Tabell 2: Støygrenser i anleggsfasen

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld (L_{pAeq4h} 19-23) eller sundag/heilagdag ($L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt (L_{pAeq8h} 23-07)
Bustader, fritidsbustad, sjukehus, pleieinstitusjonar	65	60	45
Skule, barnehage	60 i brukstid		

Tabell 3: Skjerpa støygrenser etter lengda på anleggsperioden

Anleggsperiodens lengde	Grenseverdiane for dag og kveld i tabell 2 blir skjerpa med
Frå 0 til og med 6 veker	0 dB
Frå 7 veker til og med 6 månader	3 dB
Meir enn 6 månadar	5 dB

Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport og lossing/lasting.

6.2 Avvik frå grenseverdier

Grenseverdiane for støy på dagtid kan fråvikast i kortare periodar. Det er ikkje tillette å avvike grenseverdiane på kveld og natt eller sundagar og heilag dagar.

Ved avvik frå gitte grenseverdier gjelder følgjande vilkår:

6.3 Varsling

Bustader og pleieinstitusjonar som blir utsett for spesielt støyande aktivitet skal varslast seinast ei veke før slike aktivitetar startar opp. Varslinga skal skje skriftleg og/eller ved personleg oppmøte og skal innehalde informasjon om:

- type støyande aktivitet
- forventa støybelastning
- kor lenge aktiviteten varer
- eventuelt om det mogeleg å tilby anna opphaldstad

³ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

Andre som får støybelastning frå anleggsverksemda kan også med fordel varslast om støyande aktivitet då dette vil kunne føre til at belastninga kan føllast mindre.

6.4 Støv

Verksemda må leggje opp aktiviteten på ein slik måte at sjenerande støv ikkje blir spreidd i omgjevnadane.

7. Avfall

7.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å syte for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁴.

7.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal verksemda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal òg sikrast mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan sikrast mot uvedkommande.

7.3 Slam

Slam frå sedimenteringsbasseng, reinseinnretningar og sandfang skal analyserast og leverast godkjent mottak.

8. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining

8.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

⁴ Avfallsforskrifta. Gjenvinning og handtering av avfall

8.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

8.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda representerer.

8.4 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining til lokalt brannvesen i samsvar med gjeldande forskrift⁵. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle. Varselet kan sendast som e-post til fmhopostmottak@fylkesmannen.no.

9. Overvaking/resipientkontroll

9.1 Kontrollprogram

Resipienten skal overvakast, og mogelege effektar i vassmiljøet skal dokumenterast. Dersom det oppstår negative effektar skal ein gjennomføre tiltak for å utbetre forholdet. I slike tilfelle skal Fylkesmannen kontaktast.

Kontrollprogrammet skal innehalde rutinar for oppfølging av m.a. reinseanlegg, utsleppsstad/resipient, olje- og drivstofflager og avfallshandtering.

Rutinar og oppfølging skal dokumenterast skriftleg. Programmet skal m.a. innehalde oversikt over prøvepunkt, analyseparametrar og prøvetakingsfrekvens.

Kontrollprogrammet skal sendast til Fylkesmannen før anleggsarbeidet startar.

9.2 Inspeksjon

Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstadene, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining skal registrerast. Ved vesentleg forureining skal dette rapporterast jf. punkt. 8.4.

10. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.

⁵ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3 eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

Metaller og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlige forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktobromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidane:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl eter)	
Nitromusksambindingar:	
Muskxylen	
Alkyfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5